



Frode Stubseid  
Øvsttunlia 24 A  
5223 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2233 - 22/42332

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2022

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minirenseanlegg - gbnr 67/3 Haukås

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr: 624/22</b>
<b>Byggestad:</b>	Gbnr: 67/3
<b>Tiltakshavar:</b>	Frode Stubseid
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Vest Vvs AS
<b>Søknadstype:</b>	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 67/3 Haukås på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minirenseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minirenseanlegget skal førast via etterpoleringstank i tett leidning fram til drenerøyr og vidare til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

**Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.**

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 67/3 Haukås.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP med SBR Controller etterfølgt av etterpoleringstank med storleik 1 m<sup>3</sup> før utsleppet vert ført vidare i tett avløpsrør til landbruksgrøft med heilårsvassføring som vist i situasjonsplan vedlagt søknaden.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.03.2021 og supplert 30.05.2021.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-området.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg føre nabomerknad i byggesaka, sak 22/2930 frå eigar av gbnr. 67/2 datert 31.08.2021. Nabomerknaden i hovudsak er knytt til handtering av overvatn frå minireinseanlegget.

Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknad i søknad datert 03.04.2022. Ansvarleg søkjar opplyser at tiltakshavar har innretta seg etter nabo sine merknader og at det er utarbeid ein avtale om etablering av sanitæranlegg mellom eigar av gbnr. 67/2 og tiltakshavar.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 04.02.2021.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med moglegeheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og

botnen av anlegget må då ikkje leggast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

#### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 67/3. Utsleppsleidningen går over gbnr. 67/2 fram til utsleppstad.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 10.12.2021 mellom tiltakshavar og eigar av gbnr. 67/2 om rett til å føre reinsa avløpsvatn frå reinseanlegget i tett avløpsrør nedgrave i ny grøft fram til side/hovud drenggrøft på gbnr. 67/2.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

#### **KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg etterpolering fram til heilårsresipient.

#### **Nabomerknad**

Det er kommunens vurdering at nabomerknaden er tilstrekkeleg ivaretatt gjennom vedlagte avtale om etablering sanitæranlegg på gbnr. 67/3 Haukås.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 22/2930.

#### **GENERELL INFORMASJON**

##### **Mynde til å gjere vedtak i saka**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

##### **Du kan klage på dette vedtaket**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det

kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Anlegget er ditt ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Du må sette i gang innan tre år**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Kommunens tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2233**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Frode Stubseid  
Vest Vvs AS

Øvsttunlia 24 A 5223  
c/o Christine 5915  
Westervik Vest  
VVS AS Apalen  
17

NESTTUN  
HJELMÅS